

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

Våge, 15.11.2023

Til nye APM-utvalet i Alver  
v/leiar Ståle Juvik Hauge

kopi: Ordførar Sara Sekkingstad

### 99/4 Våge - Ei naudsynt oppdatering til det nye APM-utvalet

Vi oversender til nytt APM-utval nokre grunnleggjande viktige skriv (dei fleste sendt til førre APM), avdi vi er heilt sikre på at det kjem saker til handsaming i APM der kjennskap til bakgrunnen i saka vil vere naudsynt. Også avdi vi fryktar for feil-informasjon frå 99/4 i ev. nye søknader.

Vi legg ved dette:

- e-mail til Eirik Berntsen av 24.09.23, som dokumenterer støyping av grunnmur på 99/4, i direkte strid med APM sitt tilbakeføringskrav av 13.10.21. Vi har ikkje fått tilbakemelding/høyrt noko vidare frå Berntsen, men konstaterer at bygge-aktivitet i grunnen held fram.
- Brev til Byggesaksavdelinga i Alver av 14.08.23. Påviser arbeid i strid med 2 vedtak. Vi har ikkje fått svar på brevet.
- Brev av 12.07.23 til landbruksavd. v/Laila Bjørge, med spm. vedr. godkjenning av landbruksveg på 99/4. Vi har ikkje fått svar på brevet.
- Dronebilete: Viser fakta-grunnlaget for APM sitt tilbakeføringsvedtak av 13.10.21 - med ordlyd at tilbakeføringa til markslag AR-5 skal vere gjort **før** igangsetjingløyve.
- Brev frå Berntsen til Alf Eikevik av 15.10.21: Pålegging om stans - Førehandsvarsel om retting/tvangsmulkt.

Merknad til dette brevet:

Vi gjer APM merksam på at det eksisterer eit område framom vårt hus, nord for gamlehuset på 99/4 - mellom nabogrensa til 99/1 og 99/4 sin landbruksveg - som vi meiner **skulle** vore følgd opp med tvangsmulkt, jfr. brevet over, men utan at noko er gjort. Området ligg inn under tilbakeføringsvedtaket av 13.10.21, er dermed omfatta av brev frå Berntsen om retting/tvangsmulkt. Tiltaket: avgravd dyrka mark, deretter oppbygd opptil fleire meter høgt med stein og murar, er **ikkje omfatta av nokon ny søknad om avbøtande tiltak**. Den ulovlege hevinga med stein t.o.m. grenselinja i tunet vert dessutan omfatta av ordlyden i Alver kommune sitt vedtak 17.06.22, sitat: **“Topp ferdig dekke siste 2 m frå nabogrense i nordaust skal ha lik kotehøgd som nabogrense og skrå nedover fram til godkjent landbruksveg”**.

Dette området skulle altså vore tilbakeført innan 3 mndr etter brev frå Alver/Berntsen 15.10.21, dvs. innan 15.01.22. Det er *enno* ikkje gjort, og vi ser heller ikkje at sanksjonar er sett i verk. Vi etterlyser på det sterkaste denne tilbakeføringa, vi ser ingen som helst grunn til at dette ikkje skal skje **no**. **Heilt grunnleggjande for kulturlandskapet i tunet på Våge**. At det ikkje er vorte sanksjonert med tvangsmulkt f.o.m. 15.01.22 meiner vi er ein direkte feil av forvaltninga.

I tillegg:

Ulovleg bygd 6 m høg mur framfor oss

I etterkant av tilbakeføringsvedtak, i **strid med avbøtande vedtak**, har Eikevik bygd opp ein 6 m høg mur vest for oss som **aldri** er omsøkt verken for plassering eller høg, dvs ulovleg bygd. På innsida av muren er oppbygd kun med stein, muren har ingen støttefunksjon for jord. Ansvarleg utførande for 6 m-muren hadde heller aldri kvalifikasjon for slik muring, hadde avgrensa løyve til Tiltaksklasse 1, dvs. var **utan** løyve til natursteins-mur over 2 meter. (All natursteinsmur over 2 m høg på 99/4 må såleis reknast å vere ulovleg murt.) Vi saknar kontroll frå kommunen, og vi saknar konsekvens for ulovleg oppført 6 m høg mur. Mellom P0 og P12 er det ikkje søkt om mur i det heile, mellom P12 og P30 er det avgrensa søkt om mur stigande til 2 meter i P30. **I dette området er muren murt 6 meter høg.** Ei geo-måling vil avsløre dette avviket.

Forvaltningssvikt på 99/4

Vi er godt kjent med ei sak i nærområdet der kommunen v/Berntsen, for eit **vesentleg** mindre brot på Pbl. enn dei mange vi konstaterer på 99/4, **både** illegg 10.000 i begyr for **uaktsomt** brot på Pbl., pluss i same sak også illegg gebyr på 20.000 for **forsettleg** brot. Den saka er **mikroskopisk** å rekne imot saka på 99/4 Våge. Vi, og mange med oss, spør oss kvifor det gjeld andre reglar for 99/4 Eikevik. Vi har lenge etterlyst at kommunen aktivt stansar og slår ned på dei etter kvart mange påviste, ulovlege tiltaka på 99/4. Og no særleg dette:

- 1) At det vert sett makt bak kravet om tilbakeføring til kulturbeite nord i tunet, jfr. APM-vedtak av 13.10.21 + brev frå Berntsen om "retting/tvangsmulkt" av 15.10.21.
- 2) At den ulovleg heva grenselinja gjennom tunet vert justert ned, jfr. vedtak: "*Topp ferdig dekke siste 2 meter frå nabogrense i nordaust skal ha lik kotehøg som nabogrense og skrå nedover fram til godkjent landbruksveg*".
- 3) At det vert kontroll - og oppfølging - av 6 m høg mur, bygd ulovleg - m/kunstig oppbygd stein på innsida, kunstig oppbygd masse på framsida.

Vi har lenge meint at saka på Våge har sterk grad av forvaltningssvikt, og har skrive 2 brev til førre APM om dette. Vi legg også ved desse:

- Brev til APM av 20.11.22: "Reaksjon på Berntsen si framstilling for APM-utvalet 9.11.22", der vi påviser direkte feil-framstillingar frå Berntsen.
- Brev av 25.06.23: "Kva gjer APM med ei forvaltning i Alver som ikkje fungerer?"

Det **har** vore, og **er**, svært belastande for oss å stå i denne saka. Men drivkrafta vår er å få fram sanninga og at lov og rett skal bli oppfylt, i ei sak av **svært** stor betydning for Våge.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust